

---

Saksnr: 2021/4719-1  
Saksbehandlar: Ingeborg Sofie Sætrevik

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		23.03.2021

## LivOGLyst-programmet - statusrapport 2021

## Forslag til vedtak

1. Hovudutval næring tek orienteringa om LivOGLyst-arbeidet til vitande.
2. Administrasjonen får fullmakt til å til disponere inntil 1,8 mill kr til LivOGLyst-tiltak, dekket med budsjettmidlar i innovasjon og næring sitt budsjett for 2021, midlar avsett til distrikts- og lokalsamfunnsutvikling.

## Samandrag

LivOGLyst-programmet er ei langsiktig satsing og ei trinnvis støtteordning til utvikling av lokalsamfunn. Programmet var etablert i Hordaland i 2007 og utvida til Vestland fylke i 2020. Gjennom LivOGLyst-programmet får lokale lag og foreningar støtte, rettleiing og kompetanse for utvikling av lokalsamfunna sine. Gjennom programmet samhandlar innbyggjarar, næringsliv, kommune og den regionale partnerskapen om lokalsamfunnsutvikling. Denne saka skildrer rammar og aktivitetar for LivOGLyst-programmet i 2021.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
seksjonssjef naturressursar, landbruk  
og reiseliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld LivOGLyst-programmet for lokalsamfunnsutvikling som vart etablert i Hordaland i 2007 og utvida til Vestland fylke i 2020.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har avgjerdsmynde.

Vurderingar og verknader

### Økonomi:

Det er sett av midlar til LivOGLyst-programmet i innovasjon og næring sitt budsjett for 2021, under distrikts- og næringsutvikling. Vi ber om at fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere inntil 1,8 mill kr av desse midlane til innsats innan LivOGLyst. Midlane skal gå til å dekke prosjekt som får midlar i samband med ny utlysingsrunde til hausten, og noko til dekning av kostnader i samband med samlingar, møte, reise og ev tenestekjøp.

### Klima:

Tiltaket har ikkje direkte verknad på klima.

### Folkehelse:

Tiltaket medverker til inkludering og medverknad, samt gode nærmiljø som fremjar folkehelsa.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket er i tråd med måla i Utviklingsplan for Vestland. Særleg mål 3 om Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, strategi 3.1. *Vestland skal utvikle menneskevennlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvaliteter.* Tiltaket støtter også opp under mål 4 *Like moglegheiter til å delta i verdiskaping*, strategi 4.1. *Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.*

LivOGLyst-programmet er forankra i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2021, og i budsjettdokumenta m.a. for 2020 og 2021. LivOGLyst-programmet fremjar lokal innbyggjarmobilisering og styrker samhandling mellom innbyggjarar, næringsliv, kommunen og den regionale partnerskapen.

## LivOGLyst-programmet statusrapport 2021

### Bakgrunn

Rokkanrapporten «Perspektiv på bygdeutvikling» frå 2005 peika på behovet for ei meir samla og varig satsing på lokalsamfunnsutvikling i Hordaland. Konklusjonen var basert på at utviklingsarbeidet i Hordaland hadde vore for sprikande og fragmentert, der Fylkesmannen si landbruksavdeling dreiv bygdeutvikling, Innovasjon Norge dreiv bedriftsutvikling og Hordaland fylkeskommune dreiv litt av alt. Tilrådinga var difor å utvikle *eit felles partnerskapsprogram* som samla ressursar og verkemiddel på tvers av forvaltnings- og utviklingsinstitusjonane.

Forskarane peika vidare på at *utviklingsarbeid tar tid*. Anbefalinga var difor å utvikle eit vedvarande program med trinnvis støtteordning, der lokale utviklingsprosjekt som vart støtta for å kome i prosess vart guida vidare i verkemiddelapparatet for å få hjelp og støtte til å slutføre sine verdiskapingsprosjekt.

Eit tredje viktig punkt i Rokkanrapporten var at lokale utviklingsaktivitetar ofte skjedde utan særleg god kontakt og forankring i kommunane. Tvert om var utviklingsprosjekta ofte utforma som ein allianse mellom lokalsamfunna og fylkesnivået, medan kommunen sat på sidelinja utan å vere ein aktiv part i utviklingsarbeidet. Dermed vart utviklingsaktørane ofte avskorne frå lokal støtte og viktige ressursar dei kunne dratt nytte av i utviklingsarbeidet.

Program for lokalsamfunnsutvikling, seinare kjent som LivOGLyst-programmet, vart vedteke av Fylkesutvalet i februar 2006 som ei ny tilskotsordning til lokalsamfunnsutvikling i Hordaland. Målet var å stimulere til utviklingsretta prosjekt der det vert bygd opp under lokalt engasjement i lokalsamfunn og kommunar.

Rokkanrapporten danna det organisatoriske grunnlaget for LivOGLyst-programmet som vart etablert i 2007 som

- Ein partnerskap mellom Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge Hordaland og Hordaland Fylkeskommune
- Ei langsiktig programsatsing med trinnvis støtteordning
- Ei satsing der kommunen måtte spele ei aktiv rolle

I tillegg vart LivOGLyst-satsinga utvikla med utgangspunkt i nedanifrå-og-opp utviklingstradisjonen. Nokre av dei viktigaste prinsippa var:

- Utvikling må skje nedanifrå og vere basert på bruk av eigne ressursar
- Lokal utvikling må skje i inkluderande og kollektive prosessar
- Verdiskaping må skje på brei front - økonomisk, sosialt og kulturelt
- Utviklingskraft føreset brei lokal forankring og eit forpliktande samarbeid mellom eldsjelar, frivillige og offentleg sektor

Den 18. april 2007 vart partnerskapsavtalen mellom Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune underteikna. Jamfør denne avtalen skulle LivOGLyst-programmet vere eit spleiselag og eit samarbeid mellom den regionale partnerskapen. Det vart etablert ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe frå det regionale verkemiddelapparatet med prosjektleiar i fylkeskommunen.

LivOGLyst-programmet vart lagt ned i 2013, men vart tatt opp igjen som ei satsing frå 2014 i henhold til budsjettvedtaket i fylkestinget. I 2020 vart LivOGLyst-programmet utvida til Vestland fylke .

### Føresetnadar og vilkår for deltaking i LivOGLyst-programmet

LivOGLyst-programmet er eit program og nettverk for dei som ønskjer å utvikle lokalsamfunnet sitt. Kvart år vert det sendt ut invitasjon til alle kommunar i Vestland om å søkje opptak til programmet. Kommunane deler så invitasjonen vidare til aktuelle søkjarar, lag og organisasjonar i lokalsamfunna.

Prosjekt som deltek i programmet får tilgang til nettverk, kurs, rettleiing og innsikt i prosjektmetodar. Økonomisk tilskot er ein del av programmet. Eittårige forprosjekt vert tildelt finansiell støtte for eitt år, kr 50 000. Treårige hovudprosjekt får finansiell støtte for tre år, kr 300 000.

Ein føresetnad for opptak til programmet er at kommunen stiller med ein kontaktperson. For treårige prosjekt skal kommunen bidra med kr 90 000 (30 000 årleg). Deltaking i LivOGLyst-nettverket er ein obligatorisk del av LivOGLyst-programmet.

### **Årlege aktiviteter i programmet**

#### Prosjektleder i Vestland fylkeskommune

Prosjektleder arbeider kontinuerlig med rettleiing av prosjekt, det er per dags dato 20 aktive prosjekt. Prosjekta rapporterer til prosjektleder når dei anmodar om utbetaling i tillegg til at dei leverer ein utfyllande rapport ved prosjektavslutning. LivOGLyst er organisert på Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv og seksjonsleder vert rådført og orientert om utviklinga i prosjekta.

#### LivOGLyst-arbeidsgruppa

LivOGLyst-arbeidsgruppa består av ein representant frå Statsforvaltaren i Vestland, ein representant frå Innovasjon Noreg Vestland, prosjektleder og medarbeidarar ved seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv i Vestland fylkeskommune. Arbeidsgruppa møtast jamleg for å samarbeide om aktiviteter i programmet og rettleiing av prosjekt. I tillegg deltek arbeidsgruppa på vitjingar til prosjekt og i handsaminga av nye søkjarar.

#### LivOGLyst-konferansen

I september kvart år arrangerast LivOGLyst-konferansen som ein gratis og open arena for alle med interesse for lokalsamfunnsutvikling, frivillige og tilsette i kommunar. På konferansen får deltakarane fagleg påfyll om tema som er viktig for lokalt utviklingsarbeid og informasjon om korleis ein søker opptak til LivOGLyst-programmet.

#### Opptak av nye prosjekt

Opptak til LivOGLyst-programmet skjer årleg med søknadsfrist i oktober. Søknadane vert tatt opp til prekvalifisering og søkjarane vert rettleia av arbeidsgruppa. Endeleg innstilling av søkjarar skjer i november. Ein tar sikte på å ta opp fire eittårige forprosjekt og tre treårige hovudprosjekt (tidligere eittårige prosjekt) kvart år. Prosjekt som ikkje møter vilkåra for opptak kan bli tatt opp som assosierte prosjekt, det vil sei at dei vert inviterte med i nettverket utan at dei mottek finansiering.

#### Årleg nettverkssamling

I februar kvart år vert det arrangert nettverkssamling for nye og gamle LivOGLyst-prosjekt. Samlinga vert arrangert hos eit LivOGLyst-prosjekt som er i slutfasen slik at prosjekta kan sjå kva andre har fått til i løpet av ein fireårig periode. På samlinga vert det høve for nettverket å dele erfaringar og verte kjent. Det finst også ei aktiv gruppe på Facebook for nettverket. Vi ser at prosjekta er ivrige etter å dele erfaringar og samarbeide med kvarandre og at dette gir gode resultat.

#### Arbeidsgruppa vitjar prosjekt

Ettersom LivOGLyst er ei langsiktig satsing og ein eigen metodikk er rettleiing og oppfølging frå LivOGLyst-arbeidsgruppa ein viktig del av programmet. Kvar vår reiser arbeidsgruppa på vitjing til nye prosjekt. Eittårige prosjekt vert først prioritert slik at dei kjem raskt i gang med breie mobiliseringsprosessar. I tillegg skal treårige prosjekt vitjast det første og det tredje året i prosjektperioden.

### **Økonomiske rammer**

Med utviding til Vestland vart dei økonomiske rammene for LivOGLyst-programmet auka til 1,8 årleg. Av desse vert 1 500 000 tildelt direkte til nye prosjekt. Det gir oss rom for å ta opp seks eittårige forprosjekt (kr 300 000) og fire treårige hovudprosjekt (kr 1 200 000).

Restende kr 300 000 er driftsmidlar som kan nyttast til årleg konferanse, nettverkssamling, kompetansehevande kurs for prosjekta og reiser for arbeidsgruppa. I tillegg finansierer fylkeskommunen stillingsressursar som samla utgjer ei 100 prosent stilling. Statsforvaltaren i Vestland og Innovasjon Noreg Vestland bidreg med arbeidsinnsats i arbeidsgruppa.

Dato	Aktivitet	Tema	Målgruppe
26.01.2021, kl. 18.00 - 19.30	Webinar	<i>Korleis mobilisere digitalt i LivOGLyst-prosjekt?</i>	LivOGLyst-nettverket
18.02.2021, kl 17.00 - 20.00	Digitalt nettverksmøte for LivOGLyst	<i>Drivkrefter for utvikling av lokalsamfunnet ditt</i>	LivOGLyst-nettverket, kommunecontactar
16.03.2021 kl. 09.00 - 10.00	Digitalt møte	<i>Korleis kan kommunen bidra til lokalsamfunnsutvikling gjennom LivOGLyst-programmet?</i>	Tilsette i kommunane, kommunecontactar
24.03.2021	Digitalt møte	<i>Korleis kan kommunen bidra til lokalsamfunnsutvikling gjennom LivOGLyst-programmet?</i>	Tilsette i kommunane, kommunecontactar
Mai - juni 2021	LivOGLyst-arbeidsgruppa vitjar prosjekt		LivOGLyst-prosjekt
September - oktober	Webinar	ABCD-metoden (asset based community development)	LivOGLyst-prosjekt, tilsette i kommunane
September	LivOGLyst-konferansen 2021	Ikke bestemt	Alle
25. oktober	Søknadsfrist for nye prosjekt frå 2022		

Korona-pandemien har gjort oss gode på digital samhandling med LivOGLyst-prosjekt. Med større geografiske avstandar i det nye storfylket har vi også sett dette som eit høve for å nå ut til ei breiare målgruppe.

I 2020 planla vi å arrangere LivOGLyst-konferansen på to stader i fylket vårt, men grunna pandemien vart konferansen i Bergen gjort om til digital konferanse den 29. september, medan vi hadde ei fysisk samling på Skei i Jølster den 1. oktober.

Vi har sett at det har vore utfordrande for LivOGLyst-prosjekta å halde driv i arbeidet samtidig som ein blir oppmoda til å ikkje samlast fysisk. I januar møtte vi dette behovet med arrangere vi eit møte for prosjekta med tema «Korleis mobilisere digitalt i LivOGLyst-prosjekt?». Her fekk vi til erfaringsdeling og gode diskusjonar kring korleis ein kan invitere til og få til gode digitale møte for å mobilisere til aktivitet i lokalsamfunna.

Den 18. februar arrangerte vi digital nettverkssamling for LivOGLyst-prosjekta med tema «Drivkrefter for utvikling av lokalsamfunnet ditt». Sjølv om nettverkssamlinga vart korta ned frå to dagar til tre timar fekk prosjekta godt høve til å bli kjende og dele sine erfaringar. LivOGLyst-nettverket er ei aktiv og engasjert gruppe og alle prosjekta presenterte seg kort og utveksla sine erfaringar.

Vi har planlagt fleire aktiviteter vidare i 2021. I mars skal vi ha møte med kommunane om rolla til kommunecontacten i eit LivOGLyst-prosjekt. I april/mai skal arbeidsgruppa vitja LivOGLyst-prosjekt. Vi har også i samarbeid med Distriktsenteret starta å planlegge webinar om ABCD-metoden (asset based community development) for kommunane og LivOGLyst-nettverket. ABCD er ein styrkebasert tilnærming til medverknad og lokalsamfunnsutvikling som vi tidlegare har hatt erfaringar med frå folkehelseprosjektet *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse* og som har vore utprøvd mellom anna i LivOGLyst-prosjektet i Langevåg i Bømlo. Til hausten arrangerer vi LivOGLyst-konferansen.

Så langt har vi fått gode tilbakemeldingar på dei digitale møta, sjølv om mange saknar å møtast. For travle eldsjelar i lokalsamfunna har det vore mindre krevande å setje av tid til å møtast når dei slepp lang reiseveg. Framover ønskjer vi å oppretthalde digitale tilbod i tillegg til fysiske møte slik at fleire kan delta.

### Nye prosjekt i 2021

I 2021 har vi teke opp fire eittårige og fire treårige LivOGLyst-prosjekt. Dei nye eittårige prosjekta er Follese i Askøy kommune, FleirSam i Samnanger kommune, Førde i Sveio kommune og Iglandsvik i Bremanger kommune. Nye treårige prosjekt er Vevring vidare i Naustdal, Rubbestadneset mot 2030 i Bømlo kommune, Hyllestad sentrum hovudprosjekt i Hyllestad og LivOGLyst i Bergsdalen i Vaksdal.

Dei nye prosjekta er alle prega av lokalsamfunna sine særskilte identitet og lokale behov. Medan Bergsdalen er trua av eit minkande innbyggjartal og vil arbeide for å fremje lokale kvaliteter slik at fråflytta ungdom skal ønskje å kome tilbake for å etablere seg, vil Follese rette innsatsen mot ungdom i samarbeid med prosjektet FOLK som er initiert av Askøy kommune. Også Rubbestadneset rettar seg særskilt mot dei unge og har mellom anna rektor på grunnskulen involvert i styringsgruppa til prosjektet.

Vevring er kjent som kunstbygda og har så langt vist ei sterk evne til å få ting til. I samarbeid med kommunen har dei utvikla ein plan for bygda som det er ønskje om å realisere. Vevringutstillinga har kvart år gjort bygda til eit samlingspunkt for omlag 200 tilreisande internasjonale kunstnarar. Det vitner om at dei får det til i Vevring, noko som også har blitt slagordet til prosjektet - «I Vevring får dei det til».

Fleire av LivOGLyst-prosjekta arbeider med å etablere lokal identitet og vidareutvikle lokale fortrinn. I Hyllestad har LivOGLyst-prosjektet laga eigen logo, noko som kan vere samlande, samstundes som ein bevisstgjør innbyggjarar rundt at bygda er ei LivOGLyst-bygd, at det skjer ei utvikling og at folk kan engasjere seg og ta del i arbeidet.

Dei nye eittårige prosjekta i Førde, Iglandsvik, Samnanger og på Follese er heilt i startgropa og skal i gang med brei mobilisering av innbyggjarar, lokale lag og næringsliv. LivOGLyst-arbeidsgruppa planlegg å vitja dei i mai/juni for å rettleie prosjekta og følgje opp mobiliseringsarbeidet.

#### Oversikt over LivOGLyst-prosjekt frå 2008 til 2021

Årstal (opptak)	Prosjekt (1-årige og 3-årige, assosierte ikkje medrekna)	Kommune
2008	Hålandsdalen	Fusa
2008	Kårbø	Meland
2008	Jondal	Jondal
2008	Espevær 365	Bømlo
2008	Fykkesund	Kvam
2008	Hosanger	Osterøy
2008	Åkra	Kvinnherad
2008	Samnanger	Samnanger
2009	Storebø	Austevoll
2009	Samnanger	Samnanger
2009	Storebø	Austevoll
2009	Bergen-wrap (damsgårdsundet)	Bergen
2009	Røldal	Odda
2010	Espevær	Bømlo
2010	Røldal	Odda
2010	Lonevågen	Osterøy
2010	Fjelberg	Kvinnherad
2010	Eidfjord	Eidfjord
2010	Dynamiske Mosterhavn	Bømlo
2010	Risnes	Radøy
2011	Glesvær	Sund
2011	Strusshamn	Askøy
2011	Lonevågen	Osterøy
2011	Knarvik	Lindås
2011	Springflo Fjell	Fjell
2011	Indre Masfjorden	Masfjorden
2012	Mosterhavn	Bømlo
2012	Jordalen	Voss

2013	Unneland	Bergen
2013	Risneskrinsen	Radøy
2013	Hedleberget	Voss
2013	Ask	Askøy
2013	Litlabø	Stord
2013	Fonnesvågen	Austrheim
2013	Hellesøy	Øygarden
2014	Hellesøy	Øygarden
2014	Litlabø	Stord
2014	Fonnesvågen	Austrheim
2015	Strandstaden Sunde	Kvinnherad
2015	FemFemti	Odda, Ullensvang
2016	FemFemti	Odda, Ullensvang
2016	Nytt liv i hamna	Fedje
2016	Lindåsbygda	Lindås
2016	Strandstaden Sunde	Kvinnherad
2016	Odda	Odda
2016	Eit lite stykke Hardanger	Ullensvang, Eidfjord
2016	Fotlandsvåg	Osterøy
2017	iModalen	Modalen
2017	Kulturbygda Valestrand	Sveio
2017	Herand i omstilling	Jondal
2017	Dugnad for Dale	Vaksdal
2017	Møhlenpris	Bergen
2018	Vindenes	Fjell
2018	Hjelmås	Lindås
2018	Sydneshalvøen	Bergen
2018	Valestrand	Sveio
2018	Langevåg	Bømlo
2018	Fotlandsvåg	Osterøy
2018	Dale	Vaksdal
2019	Berekraftig bygdeutvikling på Langevåg	Bømlo
2019	LivOGLyst Hjelmås	Lindås
2019	LivOGLyst Dåfjord	Fitjar
2019	LivOGLyst i Øystese	Kvam
2019	LivOGLyst Forland	Sund
2019	Hetlevik på snei	Askøy
2019	LivOGLyst Stamnes	Vaksdal
2020	LivOGLyst i Ytre Solund	Solund
2020	Kunstbygda Vevring	Naustdal
2020	LivOGLyst i Bøfjorden	Hyllestad
2020	LivOGLyst utviklingsprosjekt - Hyllestad	Hyllestad
2020	LivOGLyst i Bergsdalen	Vaksdal
2020	Rubbestadneset mot 2030	Bømlo
2020	Gode møtestader - Dåfjorden 2.0	Fitjar
2020	LivOGLyst i Øystese	Kvam
2020	LivOGLyst Stamnes	Vaksdal
2021	FleirSam	Samnanger

2021	Oppvekst, tilhørighet og samhold på Follese	Askøy
2021	LivOGLyst Iglandsvik	Bremanger
2021	Tinghuset i Førde i Sunnhordland	Sveio
2021	Vevring Vidare	Naustdal
2021	Rubbestadneset mot 2030	Bømlo
2021	Hyllestad sentrum hovudprosjekt	Hyllestad
2021	LivOGLyst i Bergsdalen	Vaksdal

Tal prosjekt: 82

Tal kommunar: 33

### Oppsummering/konklusjon

Det er god aktivitet innan LivOGLyst-programmet vårt, og det er utvikla nye digitale møteplassar i ei tid der ein i mindre grad kan reise. Det vert teke til orde for at 1,8 mill kr vert nytta til LivOGLyst-innsats, dekkja med midlar som er avsett til m.a. dette føremålet i budsjett 2021.